

## Referat soknerådsmøte, Vang sokn 26.02.26

Til stades: Kristin, Leif, Anine, Ivar, Tor Erik, Ingebjørg og Merete

**Sak 1/26:** Godkjenning av saksliste og førre referat. Ingen kommentar. Merk, avlyst messe i Vang kyrkje 25.01.26 grunna låg temp i kyrkja.

**Sak 2/26:** Kyrkjevert oppgåver 2026m fyrste halvår med offergåver

18.02.26: Ivar(onsdag og årsmøte) kl. 19.00, kirkens nødhjelp

01.03.26: Leif, mekkeklubben

05.04.26: 1. påskedag kl. 09.00, Tor Erik, eige arbeid i kyrkja. Leif, Anine og Ivar tar ansvar for påskefrukost etter messa.

17.05.26: Merete, kirkens nødhjelp

24.05.26: Anine, brannsikring til kyrkja i Polen.

07.06.26 er det konfirmasjon i Vang kyrkje.

**Sak 3/26:** Planlegging av årsmøte 18.02.26

Ivar er kyrkjevert, Kristin årsmelding, Anine rekneskap, Ingebjørg årsmelding frå prestetenesta i Vang, enkel kveldsmat: Ivar, Leif(Merete) i Drengestøga.

Merknad: Leif understrekar at det er slik at bebuarar på Vangsheimen ynskjer å kunne delta i gudstenester, om vi bør jobbe med at frivillige kan organisere transport til kyrkja frå og til Vangsheimen. Dårleg alternativ med filming/streeming frå kyrkja grunna personvern.

**Sak 4/26:** Namna minnelund

Dette er bestemt, og blir betalt av kyrkjeleg fellesråd. Dette blir ein sak på årsmøte. Plasseringa er ok og bestemt. Ynskje om eit enkelt monument, inspirasjon frå Grefsen kyrkjegard. Utsmykking må vi lande etter årsmøte.

**Sak 5/26:** Plan for besøk frå Polen

Det har vore litt planlegging i forkant av møte. Leif, Anine og Tor Erik har jobba fram skisser og transportløysing. Ingebjørg har hatt kontakt med Polen.

Transport, buss 20. – 24. juni. Låne buss for god pris. Tor Erik stiller som sjåfør.

Leige av Sommerhotellet v. Leif. Kr. 70 000 inkludert sengetøy. Plass til 25.30 pers. Kan vere aktuelt å leige hus på Steinsvoll i tillegg.

Ynskjer inn i program: stavkyrkja i Øye, rundtur med buss, stavkyrkja i Høre, morgonbøn, kveldsbøn, møteplass for at bygda kan få møte gjestene frå Polen, felles middagar, ev stølsmesse på Helin.

Ivar sjekkar med sjenkeløye på Sommarhotellet for ev. sal av alkohol. Det er i utgangspunktet leigd ut til Leif med reglement om at det er eit alkoholfritt arrangement.

### **Førebels program:**

**20.juni:** Ankomst, reise til Vang, reisemat på veg til Vang. Kveldsmat på sommerhotellet, td: suppe.

**21. juni:** Frukost sommerhotellet v. soknerådet

Gudsteneste i Vang kyrkje kl. 11.00, m. utvida kyrjekaffi v. soknerådet på sommerhotellet etter messa. Lappar og kaffi ev noko meir.

Fritid.

Middag, fiskemiddag kl. 19.00, så ein roleg kveld.

**22. juni:** Frukost på sommerhotellet

Rundtur, Vang - Årdal – Lærdal – Vang, guide v. historielaget, ev. Eli Belsheim på tysk. Kristin spør historielaget v. Nils Rogn og Merete spør Eli. Stopp ved St.Tomas kyrkja, kunne Jørgen A.Kvam spelt litt der, Ingebjørg spør Jørgen om dette. Så har Ingebjørg litt knytt til den kyrkja.

Middag på sommerhotellet. Kulturelt innslag ved td. Vangskoret. Kristin spør om dette.

**23. juni:** Frukost på sommerhotellet, «frileik» og smøre niste. Frivillig busstur rundt Vangsmjøsa. Enkel servering i kulturstøga i Øye før messe kl. 18.00 i Øye.

Grille til middag på sommerhotellet. Bålfyring og hygge ved sommerhotellet. Kristin spør Frank om dette.

**24. juni:** Frukost på sommerhotellet.

Heimreise. Stopp på Valdres folkemuseum på Fagernes

Kan det passe at riksantikvaren kan møte delegasjonen frå Polen under dette opphaldet i Vang? Ingebjørg har kontakt her.

Ingebjørg har kontakt med Polen og sender førebels plan for godkjenning på program.

Ev.

Felles soknerådsmøte 3. feb. på Drengestøga. Kyrjekontoret sender ut innkalling. Melder ev forfall til kyrjekontoret.

Ref.

Merete Bjørgo

09.02.26